




# Informasjon om konfirmanttida i Kilsfjord kyrkje



2022/2023

# VELKOMEN!

Her finn du informasjon om konfirmantåret.

## INFOMØTE:

For å gje dykk naudsynt oversikt over konfirmanttida og høve til å stille spørsmål, inviterar vi konfirmant med ein føresett til informasjonsmøte:

**Torsdag 2. juni, kl. 18.00 - 18.45 i Kilsfjord kyrkje.**

Påmelding til konfirmantåret 2022/2023 skjer på nett.

Påmeldinga opnar 1.juni kl.19.00.

Lenke til påmeldingsskjema finner du på [www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)  
(Ta gjerne med data for å registrere konfirmanten etter samlinga)

## Konfirmantåret består av 5 delar:

Undervisning, gudsteneste, praktiske oppgåver, konfirmantleir og konfirmasjonen.

## UNDERVISNING

Undervisningssamlingane er som regel på torsdagar i Kilsfjord kyrkje. Samlinga startar rett etter

skulen og varer til 16.30. Ei samling inneheld:

- Enkel matservering før sjølve undervisninga
- Song
- Undervisning
- Aktivitetar
- Arbeid i grupper

Konfirmantane får kvar sin bibel og ein konf.logg som skal nyttast i undervisninga. Det er viktig at konfirmantsamlingane vert prioritert. Dersom du skulle bli sjuk eller av andre grunnar ikkje kan møte opp, melder ein ifrå på førehand.

## GUDSTENESTER

I løpet av konfirmantåret skal konfirmantane delta på minst ti gudstenester. Fire av desse er gudstenester der alle konfirmantane tek del:

- Presentasjonsgudsteneste i oktober
- Lysmesse i adventstida
- Samtalegudsteneste på leiren
- Konfirmasjonen i september

I ei gudsteneske skal du hjelpe til med ulike oppgåver saman med smågruppa di. I tillegg skal du gå på fem valgfrie gudstenester. Du vel sjølv kvar og når og i kva kyrkje du vil gå til gudsteneste.

## PRAKTISKE OPPGÅVER

Vi ynskjer å inkludere deg som konfirmant i vårt kyrkjelydsarbeid. Alle konfirmantane skal vere med på eit av desse tre oppgåveområda:

Eit trusopplæringsarrangement for born, delta i forsongargruppe knytt til gudsteneste eller vere med å lage til kyrkjekaffi etter gudstenester.

De får velje kva de vil delta på iløpet av den første konfirmantsamlinga.

**Trusopplæring.** Kyrkja har mange forskjellige arrangement for born i forskjellige aldra i løpet av eit år. Som med medhjelpar på eit trusopplæringsarrangement kan du få oppgåver som å lede ein leik, vere gruppeleder, stå på ein post eller vere med å lage mat.

**Forsongargruppe.** Du som er glad i å synge, kan bli med i eit minikor saman med eit par andre vaksne. På to gudsteneser syng de med på allsongane, og slik støttar de kyrkjelyden i salmesongen.

**Kyrkjekaffi etter gudstenesta.** To gongar i løpet av året, bakar du ei kake eller ein porsjon bollar og hjelper til å servere på kyrkjekaffien.

## KONFIRMASJONSDATOAR

I Kilsfjord feirar vi konfirmasjon i starten av september. I påmeldingsskjemaet kryssar du av kva

tidspunkt du ynskjer å ha konfirmasjonen. Det er avgrensa tal plassar per. gudsteneste, så det gjelder å vere tidleg ute med å melde seg opp. Då er det større sansynlighet til at du får det tidspunktet du ynskjer.

### Konfirmasjonsdato for Kilsfjord sokn:

Laurdag 02.september.23, kl. 11 og kl. 13

## KONFIRMANTLEIR

Årets store høgdepunkt er konfirmasjonsleiren, på Kjeldsund ungdomssenter i veke 33, august 2023 (siste veka i somarferien).

Kjeldsund er ein fantastisk fin leirplass og vi kjem til å storkose oss med spennande undervisning, uteaktivitetar og sosialt samvær.

I samband med leiren held vi eit foreldre-møte i løpet av våren, her får de meir informasjon.

## SEMESTERPLAN

Vedlagt dette brevet vil du finne ein semesterplan for konfirmanttida. Her finn du datoane for undervisninga og andre obligatoriske samlingar.

**Ta gjerne kontakt:**

Volda kyrkjekontor:

Tlf. kyrkjekontoret 700 74 090

E-post: [kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no)